

UTGREIING ETTER OPENHEITSLOVA – Norhus Ørsta AS

Generell informasjon

Norhus Ørsta AS tilbyr leiligheter og bustadar i eigenregi .Våre kundar er i hovudsak private, men vi innehar også samarbeid med profesjonelle aktørar som investorar og utleigarar. Selskapet er lokalisert i Hovdebygda i Ørsta kommune rett ved E39.

Selskapet er organisert med avdelingar for marknad og sal, men har ingen aktive prosjektutviklarar eller prosjektleiarar. Dette blir innleigd frå andre. Sommaren 2022 la vi ein handlingsplan for å bidra til at NHØ kunne imøtekome openheitslova sin hensikt; auka respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i verdikjeda.

Styret vedtok ein plan for aktsemdvurderingar av leverandørkjeda og underentreprenørar.

Retningslinjene seier kva NHØ skal gjere i arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Retningslinjene omfattar kva vi gjer for å trygge gode arbeidsforhold for eigne tilsette, samt kva krav verksemda skal sette til leverandørar og underentreprenørar. Retningslinjene omfatta aktsemdvurderingar knytt til direkte innkjøp i NHØ.

Leiinga er ansvarlege for at aktsemdvurderingane blir gjennomført, og vi har nytta risikobasert tilnærming etter OECDs modell for denne type vurdering for ansvarleg næringsliv.

Etter å ha kartlagt interne forhold, samt våre største leverandørar, danna vi oss eit risikobilde basert på analyse av storleiken på risiko knytt til brot på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold internt og i leverandørkjeda.

Interne varslingsrutiner er utarbeida og gjort tilgjengeleg for tilsette. Retningslinjene som seier kva vi skal gjere i arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, slår fast at dersom tilsette i NHØ blir kjende med at det kan vere vesentlege endringar i leverandørkjeder, skal den tilsette informere leiinga som skal sikre nødvendige tiltak.

Negative konsekvensar og risiko

Basert på kartlegginga av interne forhold og delar av leverandørkjeda, har vi danna oss eit risikobilde basert på analyse av storleiken på risiko knytt til brot på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Før Openheitslova vart gjort gjeldande, er det ein risiko for at vi ikkje har vore tydelege nok ovanfor våre leverandørar kva vi forventar knytt til menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Vi ikkje avdekka vesentleg risiko for negative konsekvensar.

Tiltak

I etterkant av risikovurderinga utarbeida vi ein handlingsplan med tiltak for å redusere risikoen. Tiltaka i prioritert rekkefølge er:

- For å gjøre det tydelegare for våre leverandørar kva vi forventar knytt til menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, har vi beslutta å utarbeide og distribuere leverandørerklæring.

Norhus Ørsta AS

Kartlegging av forretningsforbindelsar er uteståande, og vi startar arbeidet basert på ei vurdering av kva områder vi anser å ha størst risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Kontinuerleg arbeid

Arbeidet med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold skal gå over tid, og er ein prosess der Norhus Ørsta AS skal bidra til å trygge arbeidsforhold for eigne tilsette, og forhold vi bidreg til gjennom leverandørar og underleverandørar.

Utgreiinga er signert av styret i Norhus Ørsta AS den 05.06.2024, og erstattar den tidligare frå sommaren 22.

Styret i Norhus Ørsta A/S